# FOREBYGGING OG TIDLEG INNSATS

## PLAN FOR ARBEID MED TIDLEG REGISTERING OG INNSATS I BARNEHAGANE I SELJORD



**Seljord kommune, 19.6.2015**

# Innhald


| | |
|---|---|
| Innleiing - forord | s. 3 |
| Rutinar for kva som skal gjerast når eit barn ikkje meistrar som forventa ut frå alder<br>Saksgang og framgangsmåte - barnehage | s. 6 |
| Tre forløp for barn med problemer tilknyttet læring og utvikling | s. 9 |
| Saksgang og framgangsmåte - helsestasjon | s. 10 |
| Oversikt over utvikling – skjematisk | s. 11 |
| Oversikt over litteratur, verktøy, og materiell | s. 23 |

# Innleiing – forord

Plan for arbeid med forebygging og tidleg innsats i barnehagane i Seljord er laga for å hjelpe barnehagane med å kome så tidleg som mogleg i gang med å hjelpe barn med risiko for å utvikle ulike vanskar, sårbare barn eller barn som strevar.

Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for språkutvikling. Det er også ein sentral periode i barns liv for sosial, emosjonell og motorisk utvikling.

Barnehagen har difor ein viktig rolle når det gjeld å støtte og stimulere barnets utvikling. Men barnehagen har og ei viktig rolle når det gjeld å oppdage og kartleggje ulike vanskar. Forsking i dag viser at det er enormt viktig å kome tidleg i gang med ekstra stimulering og hjelp til barn som ikkje utviklar seg i ynskja retning. Difor er barnehagen kanskje den viktigaste faktoren når vi snakkar om tidleg innsats.

Seljord kommune har i lengre tid fokusert på tidleg innsats. Ein grunnregel bør vere "Aldri vente og sjå". Barnehagen og helsestasjonen skal reagere tidleg og sette inn tiltak, som t.d. ekstra språkstimulering og utprøving av andre tiltak. Forsking i dag peikar på at hjernen blir påverka av ekstra stimulering, og at ekstra stimulering kan veie opp for og rette opp mange ulike vanskar . Det viser at ekstra stimulering er viktig og bør kome i gang så tidleg som mogleg.

Det er mange måtar barnehagen raskt kan kome i gang med målretta arbeid.
Organisering i små grupper slik at alle barn blir sett og høyrd, "forutsigbare" dagar og tydlege vaksne, er enkle måtar å hjelpe mange barn på. Andre område vi veit har god effekt: strukturert språkstimulering, tilrettelegging for fysisk og

motorisk aktivitet, bevisst forhold til barns leik, og eit gjennomgåande og profesjonelt fokus på vaksenrolla. Dei tilsette må opptre som kompetente vaksne. Dei vaksne må alltid vere klokare og sterkare enn barna.

I Seljord har vi ein spesialpedagog for førskulebarn og ein logoped knytt til skule og barnehage. Når spesialpedagogen er i barnehagane for å observere og kartleggje eit barn, skal arbeidet munne ut i framlegg til tiltak før eller parallelt med vidare tilmelding. Av og til vil det vere tilstrekkeleg med bevisstgjering av dei vaksne, at barnehagen sett i gang og prøver ut tiltak, for på denne måten å sette inn ekstra "trykk". Andre gongar er det nødvendig med tilmelding til PPT.

Hovudformålet med planen er å kome tidleg i gang. Difor har vi laga ein plan for saksgang og framgangsmåte til bruk for barnehagen når eit barn vekker bekymring fordi det ikkje har den utviklinga ein ynskjer.
Vi har delt opp planen i ulike fasar, og sett opp rutinar, kven som er ansvarleg, handling/tiltak og ev. hjelpemiddel til hjelp i dei ulike fasane.
Det er viktig for alle partane rundt barnet å vite kva ein gjer ved bekymring. Det vil spare ein for mykje tid og usikkerheit, og samarbeidet rundt barnet vil raskare kunne føre til igangsetjing av tiltak, anten ein melder barnet opp til PPT eller ikkje.

Vi har sett opp ein oversikt over kva dei fleste barn meistrar innafor sentrale utviklingsområde. Det er viktig å sjå på oversikten over normalutvikling med eit kritisk blikk. Barn utviklar seg ikkje i ein takt knytt til alder. Det kan gå i rykk og napp, det kan vere periodar med framgang og tilbakegang på ulike område, utan at det vekker bekymring. Det er alltid viktig å sjå på heile barnet, og der er TRAS eit godt hjelpemiddel. Oversikten over utvikling kan vere til god hjelp for pedagogane i kraft av å samle dei mest sentrale utviklingsområda i ein oversikt. Det er og viktig å presisere at planen er meint som eit fagleg hjelpemiddel for personalet i barnehagane, det er ikkje eit kartleggingsverktøy for foreldre eller andre.

Planen gir ei orientering om utvikling hos barn også før dei når barnehagealder, 0-1 år. Det betyr at planen også kan nyttast av helsestasjonen.

Oversikten over tidleg utvikling kan og vere eit hjelpemiddel for å vurdere barn med forsinka utvikling. Det vil uansett alltid vere nødvendig å ta utgangspunkt i stadiet der barnet er, ikkje berre i forhold til alder.

Planen er knytt opp mot ny forsking og viser til ulike hjelpemiddel, litteratur og verktøy under dei ulike utviklingsområda. Den er i samsvar med "Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning – Telemark fylke".

Vi ynskjer med denne planen å auke og samle kompetansen hos personalet om utvikling hos barn innafor områda språk, sosial og emosjonell utvikling og sansing og motorikk. I tillegg ynskjer vi å bevisstgjere personalet om når varsellampene bør lyse, når ein ser avvikande eller sein utvikling.
Vi ynskjer også å lyfte kunnskapen om "normalutvikling", bruk av TRAS og anna kartlegging.
Plan for forebygging og tidleg innsats i barnehagane i Seljord er ein del av Plan for språkstimulering i barnehagane i Seljord, og Oversikt over aktuelt kartleggingsverktøy innafor tema språkutvikling til bruk for førskulebarn.

# Rutinar for kva som skal gjerast når eit barn ikkje meistrar som forventa ut frå alder

## Saksgang og framgangsmåte – barnehage

| **Uro for eit barns utvikling og/eller trivsel.** | | | |
|---|---|---|---|
| **1. Førtilmeldingsfasen:** | | | |
| Handling: | Ansvarleg: | Tiltak /handling: | Hjelpemiddel |
| **Drøfting med styrar** | Pedagogisk leiar | Konkret, bygd på observasjonar, ev. standard kartlegging, TRAS m.m. | |
| **Drøfting i gruppa** | Pedagogisk leiar | Drøfting med dei tilsette i gruppa | |
| **Drøfte med føresette** | Styrar / pedagogisk leiar | -Referat frå møta ?<br>-Samtykke frå føresette | Samtykkeskjema ?<br>Munnleg samtykke? |
| **Drøfte med t.d. spesialpedagog , logoped, PPT og andre samarbeidspartar.** | Styrar / pedagogisk leiar | Vurdere behov for tiltak, ev. tilmelding | |
| **Ev. vidare kartleggingsarbeid – innsamling av informasjon** | Pedagogisk leiar | Kartlegging i barnehagen, eigne verktøy.<br>Ev. samarbeid med spesialpedagog og logoped | Oversikt over kartlegging i barnehagen |
| **Pedagogisk vurdering med utgangspunkt i observasjonar og kartlegging/testar.** | Pedagogisk leiar/styrar | 1. Vurdering av barnets utvikling, kompetanse og miljø<br>2. Vurdering av opplegg/læringsmiljøet | Språkpermen: teori |
| **Veiledning/ kompetanseheving frå PPT, evt. andre faginstansar** | Styrar | Systemorientert tilnærming og rettleing, ev. kompetanseheving/kurs | |
| **Vidare vurdering:**<br>Tilpassa opplegg i barnehagen | Pedagogisk leiar | Utgangspunkt i vaksenrolla og i barnegruppa<br>- Iverksetjing av konkrete tiltak knytt til gruppe og eller barn<br>- Oppfølgjing av barnets utvikling | Språkpermen, TRAS-handboka, litteratur om ulike område m.m. |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Eller:** | | | |
| **2. Tilmeldingsfasen:** | | | |
| **Melding blir sendt PPT** | Styrar | Må ha samtykke frå føresette.<br>Pedagogisk rapport der nødvendig dokumentasjon kjem fram | -Meldeskjema frå PPT med rettleiing<br>-Pedagogisk rapportskjema |
| **3. Utgreiings – og tilrådingsfasen:** | | | |
| **Sakkunnig vurderingsarbeid:**<br>1. Utgreiing<br>2. Tilråding | PPT | | |
| **Tilråding**:<br>Barnet har ikkje behov for spesialpedagogisk hjelp. Barnet skal få hjelp innafor det ordinære barnehagetilbodet | Pedagogisk leiar | Utgangspunkt i " Barn med vanskar knytt til læring og utvikling – tidleg registrering og tidleg innsats" | Språkpermen, TRAS-handboka, litteratur om ulike område m.m. |
| **Eller:** | | | |
| Barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp. | PPT | Sakkunnig vurdering med tilråding om realistiske opplæringsmål, innhald, organisering m.m. | Opplæringslova |
| **4. Vedtaksfasen:** | | | |
| **Enkeltvedtak i forhold til Forvaltningslova om rett/ ikkje rett til spesialpedagogisk hjelp** | Kommunalsjef for undervisning | Enkeltvedtak om spesialpedagogisk hjelp.<br>Vedtaket kan påklagast av føresette.<br>Vedtak skal skrivast uavhengig av konklusjonen i den sakkunnige uttala. | Forvaltningslova<br>Opplæringslova |
| **5. Planleggingsfasen** | | | |
| **Spesialpedagogen i samarbeide med føresette og pedagogisk leiar, utarbeider ein plan for spesialpedagogisk hjelp på bakgrunn av enkeltvedtaket framlegg til tiltak i sakkunnig uttale** | Spesialpedagog | Planen skal vise mål for og innhaldet i opplæringa, og korleis opplæringa skal drivast | Mal for plan for spesialpedagogisk hjelp |

| | | | |
|---|---|---|---|
| **6. Handlingsfasen** | | | |
| **Gjennomføre opplæringa i samsvar med planen** | Styrar<br>Spesialpedagog<br>Logoped<br>Pedagogisk leiar<br>Andre faginstansar<br><br>Føresette | Tett samarbeid med føresette.<br>Spesialpedagog kan vere ansvarleg for å utarbeide opplegg, andre kan ha ansvar for å utføre opplegget. Det kan gjelde andre fagpersonar, fysioterapeut e.l. | |
| **7. Vurderingsfasen** | | | |
| **Vurdering og evaluering** | Spesialpedagog<br>Logoped<br>Pedagogisk leiar<br>Andre faginstansar | Vurdering av barnets utvikling i forhold til måla i planen<br><br>1. Kontinuerleg<br>2. Halvårsrapport/årsrapport<br><br>Den fagleg ansvarlege utarbeider rapporten i samarbeid med pedagogisk leiar. Rapporten blir sendt dei føresette med kopi til kommunen, barnehagen, ev. andre | Rapportmal |

Frå Nordahl, Håland og Mæland "Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisnisng – Telemark Fylke"

**Tre forløp for barn med problemer tilknyttet læring og utvikling**



# Saksgang og framgangsmåte  - helsestasjon

1. Syns- og hørselskontroll
2. Ved dårleg språk ved to-årskontroll og fire-årskontroll, skal helsestasjonen følgje opp samarbeid med barnehage dersom det oppstår bekymring ved alderskontrollar spesielt.
3. Spørje om samtykke frå foreldre til samarbeid med barnehagen dersom det oppstår bekymring ved alderskontrollar spesielt.
4. Vere spesielt merksam på utviklinga hjå barn som ikkje går i barnehage. Gå vidare med saka ved bekymring.



# BARN MED VANSKAR KNYTT TIL LÆRING OG UTVIKLING – TIDLEG REGISTERING OG TIDLEG INNSATS

| **ALDER:**<br><br>**0 – 1 ÅR** | **DEI FLESTE BARN PÅ ALDERSSTEGET MEISTRAR:** | **VAKSENROLLA OG ORGANISERING:** | **KART-LEGGJING:** | **FORELDRE-SAMARBEID:** | **AKTUELLE SAMARBEIDS-PARTAR:** | **HJELPE-MIDDEL:** |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SPRÅK**<br><br>**Lytte og forstå**<br><br>**Uttrykke seg munnleg** | -Responderer på kontakt og kroppsspråk ved å smile, herme og bable<br><br>-Delt merksemd. Felles fokus<br><br>-Gir respons på eige namn<br><br>-Forstår ord som mamma, pappa, ha det<br><br>-Viser kva det er interessert i<br><br>-Viser interesse for gjenstandar<br><br>-Bablar og lagar lydar | - Sjå og bekrefte barnet<br>- Vere medveten om at barnet kopierer det det ser og er sensibel for kjensler<br>- Vere god språkmodell<br>- La barnet vere aktivt. Barn lærar gjennom erfaring.<br>- Å lytte og svare<br>- Leike - turtaking<br>- Gje barnet tid til å respondere<br>- Bruke enkelt språk<br>- Namngje innhaldsord, aktivitetar, opplevingar og kjensler<br>- Utvide barnets språk ved å tolke og gjenta<br>- Fokus på kvardags-samtala | **Observasjon:**<br>Samspel barn/vaksne<br><br>**Testing:**<br>Hørsel<br>(Ved fødsel) | Bevisstgjering av foreldrerolla<br><br>Avgjerande for all utvikling er tilknyting og tidleg samspel<br><br>Verdien av morsmål<br><br>Språk som tema i kontakt med helsestasjonen | **Helsestasjon/ Helsesøster**<br><br>**PPT**<br><br>**Fysioterapeut**<br><br>**Spesial-pedagog**<br><br>**Barnevern** | |
| **SOSIAL/ EMO-SJONELL UTVIKLING** | -Responderer på blikkontakt<br><br>-Evne til turtaking<br><br>-Viser interesse og glede over kontakt med andre<br>-Gir uttrykk for behov og kjensler | - Lese barnets behov<br>- God tilknyting<br>- Positivt kjenslemessig samspel<br>- Sjå og bekreft barnet<br>- Vere medveten om at barnet kopierer det det ser og er sensibel for kjensler | **Observasjon:**<br><br>"Lek og kommunikasjon i de første utviklingsår. | Avgjerande for all utvikling er kjenslemessig tilknyting og tidleg samspel<br><br>Samspel og leik | **Helse-stasjonen**<br><br>**PPT**<br><br>**Spesial-pedagog** | **Sikkerhets-sirkelen, COS (*Circle og security*): verktøy basert på tilknytnings-teori og forsking)** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | | - La barnet vere aktivt. Barn lærer gjennom erfaring.<br>- Respondere på kjensler og åtferd<br>- Gje barnet tid til å respondere<br>- Bruke enkelt språk om kjensler og åtferd<br>- Leik og turtaking | Observasjon og pedagogisk bruk av lek for barn med og utan handikapp". Liv Vedeler, -89<br><br>Samspel barn/vaksne | Tema:<br>i kontakt med helsestasjonen | **Barnevern** | |
| **SANSING OG MOTORIKK** | - Rullar frå mage til rygg<br>- Sit utan støtte<br>- Krabbar/kryp<br>- Tek seg for når det fell<br>- Reiser seg og står ei stund utan støtte<br>- Går sine fyrste steg<br>- Grip rundt ting<br>- Held fast og slepp ein gjenstand bevisst<br>- Peikar med peikefingeren<br>- Kjenner att gjenstandar<br>- Likar å sjå på bilete<br>- Likar "Borte-tittei-leiken"<br>- Objektpermanens (forstår at noko er der sjølv om barnet ikkje ser det)<br>- Snur hovudet etter lyd og stemme<br>- Likar å lage lydar<br>- Lyttar ei kort stund | "Lese" barnet, sjå barnet der det er<br><br>Leggje til rette for allsidig fysisk aktivitet, kroppsleg meistring og sanse-motorikk<br><br>Utfordre og motivere barnet til fysisk aktivitet<br><br>Aktivt samspel og leik<br><br>Stimulere sansane | **Observasjon** | **Kontakt på helsestasjonen**<br>**- informasjon**<br>- **Samtale**<br><br>**Fokus på**<br>- Samspel og leik<br>- Aktive vaksne<br>- Å vere tilstades | **Fysioterapeut/ barn med spesielle behov** | |

| ALDER:<br><br>**1 – 2 ÅR** | DEI FLESTE BARN PÅ ALDERSSTEGET MEISTRAR: | VAKSENROLLA OG ORGANISERING: | KARTLEGGJING: | FORELDRE-SAMARBEID: | AKTUELLE SAMARBEIDS-PARTAR: | HJELPE-MIDDEL: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SPRÅK**<br><br>**Lytte og forstå**<br><br>**Uttrykke seg munnleg** | -Forstår at ord er symbol for omgrep<br>-Dannar seg mentale representasjonar / "bilete" for gjenstandar<br>-Gir respons på eige namn<br>-Forstår enkle beskjedar, instruksjonar og spørsmål<br>-Kan ord som mamma, pappa, ha det ved 1-årsalder<br>-Forstår rundt 300 ord ved 2-årsalder<br>-Visar kva det er interessert i<br><br>-Verbal spurt:<br>Når barnets aktive ordforråd er 30-50 ord, kan det setje saman ord til korte setningar (2-ordsetningar)<br>Frå ca 1,5 år lærer barnet ca 9 ord kvar dag fram til 6-årsalder<br>-Seier namnet sitt på sin eigen måte<br>-Lydutvikling: kan seie ord med m, n, p, b, t og d | **Vaksenrolla:**<br>- Sjå og bekreft barnet<br>- Vere medveten om at barnet kopierer det det ser og er sensibel for kjensler<br>- Vere god språkmodell<br>- La barnet vere aktivt. Barn lærar gjennom erfaring.<br>- Å lytte og svare<br>- Leike - turtaking<br>- Gje barnet tid til å respondere<br>- Bruke enkelt språk<br>- Namngje innhaldsord, aktivitetar, opplevingar og kjensler , her og no, fortid og framtid<br>- Utvide barnets språk ved å tolke og gjenta<br>- Fokus på kvardags-samtala<br>- Stimulere til mykje språk<br>- Skape eit levande og aktivt språkmiljø<br>- Vise interesse og vere engasjert i det barnet er oppteken av<br>- Tilrettelegge og delta i leik | Oversikt over Kartleggings-verktøy for førskulebarn i Seljord kommune /Teoripermen<br><br>**Observasjon:**<br>Samspel barn/vaksne<br><br>**Danseskjemaet**<br><br>**Kartlegging**<br>i barnehage og helsestasjon<br><br>TRAS<br>Alle med<br><br>2-årskontroll, ved helsestasjonen: SATS | Bevisstgjering av foreldrerolla<br><br>Verdien av morsmål<br><br>Gjensidig informasjon mellom heim og barnehage<br><br>Språk som tema i dagleg kontakt, foreldresamtaler og på foreldremøte | Helsestasjon<br><br>Bibliotek<br><br>PPT<br><br>Fysioterapeut<br><br>Logoped<br><br>Spesial-pedagog | Språk-permane: praksispermen og teori-permen<br><br>Snakkepakken<br><br>Oversikt over Kartleggings-verktøy for førskulebarn i Seljord kommune<br><br>Språkråd i Språkpermen<br><br>**Danse-skjemaet**<br>Davinas barnehave/ Bredtvet kompetanse-senter/Statped Sør-øst |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SOSIAL/ EMO-SJONELL UTVIKLING**<br><br>**LEIK** | -Egosentrisitet, "eg/mitt/min" i sentrum,<br>-Interessert i andre barn -Reagerer på andre barns gråt eller latter<br>-Uttrykker ulike kjensler<br>-Evne til turtaking, samspel i Tittei-leik<br>-Forstår kroppsspråk og "ja og nei "<br>-Mindre språk-mykje kropp<br>-Utforskar gjenstandar og leiketøy<br>-Repetisjonar<br>-Bygge opp og rive ned<br>-Byrjar med rolleleik i tett samspel<br>-Aktiv i grovmotorisk leik | **Vaksenrolla**<br><br>- Barn i denne aldersgruppa treng vaksne i tett samspel<br>- Trygge vaksne, fokus på tilknyting<br>- Kvart barn må ha ein primærkontakt i størst mogleg grad<br>- Forutsigbarheit<br>- Faste rutinar og rammer<br>- Den vaksne må vere ein god språk- og åtferdsmodell<br>- Sett ord på kjensler, erfaringar, behov | **Observasjon:**<br><br>Samspel barn/vaksne<br><br>"Alle med" Kartleggings-verktøy<br><br>Danseskjemaet | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage<br><br>Tema på foreldremøte og i foreldresamtaler | Helsestasjon<br><br>PPT<br><br>Fysioterapeut<br><br>Logoped<br><br>Spesial-pedagog<br><br>Bibliotek | **"Alle med" Veilednings-hefte**<br><br>**ART,**<br>Sosiale ferdigheter i barnehagen<br><br>**Sikkerhets-sirkelen, COS**<br>(verktøy basert på tilknytnings-teori og forsking)<br><br>**Danse-skjemaet** |
| **SANSING OG MOTORIKK** | **-**Syner merksemd til syns- og hørselsinntrykk<br>- Likar å sjå på bilete og gjenstandar<br>-Brukar pinsettgrep<br>-Står og går stødig<br>-Triller og sparkar ball<br>-Tek i mot med armane når det fell- refleks | **Vaksenrolla:**<br>- Leggje til rette for allsidig fysisk aktivitet og sanse-motorikk<br>- Støtte barnet i fysisk aktivitet og utforsking<br>- Stimulere og leggje til rette for ulike sanseopplevingar<br>- Fokus på hørsel og endringar i samband med ørebetennelsar m.m.<br>- Leggje til rette for ro og avspenning | | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage | Helsestasjon<br><br>PPT<br><br>Fysioterapeut<br><br>Logoped<br><br>Spesial-pedagog<br><br>Bibliotek | Sanse-motorisk trenings-program, Språk-permen/ Praksis-permen<br><br>"Barns rett til utvikling", Ylva Ellneby |

| ALDER:<br><br>**2-3 ÅR** | DEI FLESTE BARN PÅ ALDERSSTEGET MEISTRAR: | VAKSENROLLA OG ORGANISERING: | KARTLEGGJING: | FORELDRE-SAMARBEID: | AKTUELLE SAMARBEIDS-PARTAR: | HJELPE-MIDDEL: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SPRÅK**<br><br>**Lytte og forstå**<br><br>**Uttrykke seg munnleg** | -Forstår instruksjonar med to ledd<br>-Forstår meiningsmotsetnader som t.d. stor-liten<br>-Interesse for rim og regler<br>-Likar å bli lese for<br>-Deltek i songleik, rim og regler<br>-Bruker spørjeordet "Kva"<br>-Har ord for det meste, og byrjar å bruke pronomen og preposisjonar<br>-Bruker treordssetningar (treåringar)<br>-Treåringar har ca 1000 aktive ord<br>-Dei fleste treåringar har vanlegvis tydeleg uttale (TRAS) | -God språkmodell<br>-Hjelpe barn til å utvide eige språk<br>-Sette ord på erfaringar, opplevingar og kjensler<br>-Leseaktivitetar, samtale- og biletbøker (Lesefrø)<br>-Utnytte fyrstehandsopplevingar i språklæringa<br>-Bruk konkretar<br>-Utnytte daglegsamtala knytt til rutinesituasjonar<br>-Leggje til rette for gode språk- og leseopplevingar<br>-Utnytte leiken som arena for språklæring<br>-Song, rim og regler<br>-Språkleikar | **TRAS**<br><br>**SATS**<br><br>**(MIO)**<br><br>**Danseskjemaet** | Bevisstgjering av foreldrerolla<br><br>Verdien av morsmål<br><br>Språk som tema i dagleg kontakt i foreldresamtaler og på foreldremøte | Helsestasjon<br><br>Bibliotek<br><br>PPT<br><br>Fysioterapeut<br><br>Logoped<br><br>Spesialpedagog | Språkpermane: praksis-permen og teoripermen<br><br>Snakkepakken<br><br>LESEFRØ<br><br>TRAS-hand-boka<br><br>Danse-skjemaet |
| **SOSIAL/ EMO-SJONELL UTVIKLING**<br><br>**LEIK** | **-** Tør å syne kjensler<br>- Gjer krav på leiker som er "min"<br>- Kan gje frå seg leiker til andre barn, må kanskje ha litt støtte frå vaksne<br>- Likar å vere saman med andre barn | "Forutsigbarheit"<br>Faste rutinar og rammer<br><br>Sette ord på kjensler og erfaringar<br><br>Hjelpe og støtte barna i konflikthandtering | "Alle med"<br><br>Systematisk observasjon | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage | Spesialpedagog for førskulebarn<br><br>Helsestasjonen<br><br>PPT | "Du og jeg og vi to", Kari Lamer<br><br>Samtale-bilder, Merete Holmsen |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | - Leikar parallelleik<br>- Prøver ut leiketøy og gjenstandar, funksjonsleik<br>- Har eit variert leikerepertoar<br>- Byrjar med "late-som-om-leik/rolleleik"<br>- Konstruksjonsleik<br>- Øvingsleik, motorisk aktiv leik | Anerkjennande kommunikasjon<br><br>Vere tett på og delaktig i leiken<br><br>Utvide barns leikerepertoar<br><br>Organisering av barnegrupper<br><br>Bruke rollespel | KALA<br>Kartlegging av LeikAtferd<br>Kartleggings-verktøy for 2,5 - 6-7 år | | BUP<br><br>Habiliterings-tenesta | ART Sosiale ferdigheter i barnehagen<br><br>**Sikkerhets-sirkelen, COS (verktøy basert på tilknytnings-teori og forsking)** |
| **SANSING OG MOTORIKK** | - Går godt<br>- Går jamføttes<br>- Samordna rørsler<br>- Kan gå baklengs<br>- Skiftar tempo og retning utan å miste balansen<br>- Kastar med ball retningsbestemt<br>- Held på tvers av blyanten<br>- Ikkje utvikla finmotorikk i forhold til blyantgrep<br>- Putte formar i putteboks/innpasningsbrett<br>- Kan lokalisere lyd<br>- Skal kjenne til 10-15 namn på kroppsdelar<br>- Handdominansen byrjar å bli ferdig utvikla for dei fleste<br>- Byrjar å gå ved å rulle på heile foten (frå hæl til tå)<br>- Oppteken av grovmotoriske aktivitetar | Leggje til rette for ro og avspenning<br><br>Leggje til rette for motorisk leik (toddleraktivitet)<br><br>Til rettelegging for allsidig motorisk aktivitet<br><br>Sansemotoriske aktivitetar<br><br>Auditiv stimulering<br><br>Skilje mellom å lytte og å høyre<br><br>Bruke ulendt terreng/gå på tur | Systematisk observasjon<br><br>Kartlegging (Britta Holle) | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage | **Fysioterapeut**<br><br>**Helsestasjon**<br><br>**Spesialpedagog**<br><br>**Optikar/ augelege** | Sanse-motorisk trenings-program, Språkpermen/ Praksis-permen<br><br>Britta Holle<br><br>Skritt for skritt, Ellen Moen m.fl.<br><br>Barns rett til utvikling, Ylva Ellneby |

| ALDER:<br><br>**3 - 4 ÅR** | DEI FLESTE BARN PÅ ALDERSSTEGET MEISTRAR: | VAKSENROLLA OG ORGANISERING: | KARTLEGGJING: | FORELDRE-SAMARBEID: | AKTUELLE SAMARBEIDS-PARTAR: | HJELPEMIDDEL: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SPRÅK**<br><br>**Lytte og forstå**<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>**Uttrykke seg munnleg** | - Forstår enkle spørsmål der spørjeord blir brukt og nektande setningar<br>- Forstår enkle samanhengar, som *Kva gjer du når du er svolten?* (årsak – verknad)<br>- Forstår farge–, form- og ord om storleik<br>- Forstår uttrykk som inneheld preposisjonar<br>- Fireåringen forstår normalt ca 2500 – 3000 ord. Nokre barn kan forstå opp til 8000 ord.<br>- Kan kategorisere ein del gjenstandar i t.d. fargar, klede, møbler, mat m.m.<br><br>- Uttala er forståeleg for ukjende<br>- Skal kunne bruke dei fleste lydane på vanleg måte<br>- Skal ha eit enkelt, grammatisk korrekt språk når dei er 4 år.<br>-Gjengir delar av kjende rim, regler og songar | **Vaksenrolla:**<br>-Vere gode språkmodellar<br>- Bruke ord og setningslengd som er tilpassa barnets språklege kompetanse<br>- Hjelpe barn til å utvide eige språk<br>-Sette ord på erfaringar, opplevingar og kjensler<br>-Leseaktivitetar, samtale- og biletbøker (Lesefrø)<br>- Dialogisk lesing, barnet som aktiv medlesar<br>-Utnytte fyrstehandsopplevingar i språklæringa<br>-Bruk konkretar og andre visuelle hjelpemiddel<br>- Trene opp evna til å lytte<br>-Utnytte daglegsamtala knytt til rutinesituasjonar<br>-Leggje til rette for gode språk- og leseopplevingar<br>-Utnytte leiken som arena for språklæring<br>-Song, rim og regler<br>-Språkleikar | TRAS<br><br>MIO<br><br>"Alle med"<br><br>Danseskjemaet | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage<br><br>Bevisstgjering av foreldrerolla<br><br>Verdien av morsmål<br><br>Språk som tema i dagleg kontakt, foreldresamtaler og på foreldremøte | Helsestasjon<br><br>Bibliotek<br><br>PPT<br><br>Fysioterapeut<br><br>Logoped<br><br>Spesialpedagog | Språk-permane Praksispermen og teoripermen<br><br>Snakkepakken<br><br>Danseskjemaet |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | - Leikar og tøyser med språket<br>- Fireåringen kan bruke ca 2000 ord aktivt.<br>- Språket blir ein viktig del av leiken<br>- Kan bruke språket til å uttrykke meiningar, ynskje og kjensler | - Organisering av dagen: lage gode rammer rundt daglegsituasjonar, fast struktur kvar dag, forutsigbart, små grupper.<br>- Førebu barna på nye opplevingar, og bearbeide i etterkant av aktiviteten.<br>- Delta i og hjelpe til med å fornye barnas leik<br>- Praktisere anerkjennande kommunikasjon | | | | |
| **SOSIAL/ EMO-SJONELL UTVIKLING**<br><br>**LEIK** | - Leiker med andre barn og blir verande i leiken<br>- Meistrar å vente i leikesituasjonar og enkle spel<br>- Har ein viss sjølvkontroll: kan sette seg sjølv på vent<br>- Treng støtte for å løyse konfliktar<br>- Viser empati<br>- Kunne uttrykke ulike kjensler, som glede, sinne og liknande<br>- Kan gje frå seg leiker til andre barn.<br>- Hevde seg sjølv, skal kunne "forsvare seg og sitt"<br>- Har eit variert leikerepertoar<br>- Leikar rolleleik<br>- Konstruksjonsleik<br>- Motorisk aktiv leik | "Forutsigbarheit"<br>Faste rutinar og rammer<br><br>Sette ord på kjensler og erfaringar<br><br>Hjelpe og støtte barna i konflikthandtering<br><br>Anerkjennande kommunikasjon<br><br>Vere tett på og delaktig i leiken<br><br>Utvide barns leikerepertoar<br><br>Organisering av barnegrupper<br><br>Bruke rollespel | "Alle med"<br><br>Systematisk observasjon<br><br>KALA Kartlegging av LeikAtferd Kartleggings-verktøy for 2,5 - 6-7 år | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage.<br><br>Sjå vaksenrolla | Spesialpedagog for førskulebarn<br><br>Helsestasjonen<br><br>PPT<br><br>BUP<br><br>Habiliterings-tenesta | "Du og jeg og vi to", Kari Lamer<br><br>Samtale-bilder, Merete Holmsen<br>"Steg for steg" for barne-hage<br><br>ART Sosiale ferdigheter i barnehagen<br><br>**Sikkerhets-sirkelen, COS (verktøy basert på tilknytnings-teori og forsking)** |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SANSING OG MOTORIKK** | - Hoppar langt, ca 25 cm<br>- Spring lett og godt<br>- Balanserar på ei brei teikna line<br>- Sparkar ball<br>- Står på eit bein ca 3-5 sek.<br>- Går opp og ned trapp utan å halde i noko<br>- Skal kunne fange ein ball med båe hender<br>- Kan gå baklengs<br>- Finmotorikken utviklar seg ; byrjar å bevege handleddet og fingrane<br>- Kan bruke penselgrep med blyant o.l<br>- Skal kjenne til 20 namn på kroppsdelar<br>- Kan imitere rørsler med kroppen<br>- Skal kunne krype under ting utan å støyte mot det som er over<br>- Skal kunne kjenne forskjellig vekt og tyngde<br>- Handsdominansen er ferdig utvikla for dei fleste<br>- Har god augefiksering<br>- Skal kunne byggje etter modell med tre klossar | Leggje til rette for ro og avspenning<br><br>Leggje til rette for allsidig motorisk leik og aktivitet<br><br>Sansemotoriske aktivitetar<br><br>Auditiv stimulering<br><br>Skilje mellom å lytte og å høyre<br><br>Bruke ulendt terreng/gå på tur | Systematisk observasjon<br><br>Kartlegging (Britta Holle) | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage | **Fysioterapeut**<br><br>**Helsestasjon**<br><br>**Spesialpedagog**<br><br>**Optikar/ augelege** | Sanse-motorisk trenings-program, Språk-permen/ Praksis-permen<br><br>Britta Holle (litteratur og kartleggings-verktøy)<br><br>Skritt for skritt, Ellen Moen m.fl.<br><br>Barns rett til utvikling, Ylva Ellneby |

| ALDER:<br><br>**4 - 6 ÅR** | DEI FLESTE BARN PÅ ALDERSSTEGET MEISTRAR: | VAKSENROLLA OG ORGANISERING: | KARTLEGGJING: | FORELDRE-SAMARBEID: | AKTUELLE SAMARBEIDS-PARTAR: | HJELPE-MIDDEL: |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **SPRÅK**<br><br>**Lytte og forstå**<br><br><br><br><br>**Uttrykke seg munnleg** | **-**Forstår det meste av det som blir sagt, m.a. negasjonar (nektingsord) i innskotne setningar<br>- Følgjer kompliserte oppfordringar<br>- Forstår gradbøying av ein del adjektiv<br>- Barna skal kunne danne eigne bilde når dei høyrer ei bok eller forteljing<br>- Tek lytte – og talerolle i ei samtale<br>- Kan klassifisere begrep (mat, dyr og liknande<br>- Har enkel utbygd ord - og setningsgrammatikk ved om lag 4 års alder<br>- Uttaler ord på vanleg måte, lydane bør vere på plass<br>- Kan forklare kva ord betyr<br>- Femåringen brukar om lag 4000 ord aktivt<br>- Klarer å oppsummere innhaldet i ei historie<br>- Kan bruke språket til å beskrive notid, fortid og framtid<br>- Bruker "fordi-setningar" | **Vaksenrolla:**<br>-Vere gode språkmodellar<br>- Bruke ord og setningslengd som er tilpassa barnets språklege kompetanse<br>- Hjelpe barn til å utvide eige språk<br>-Sette ord på erfaringar, opplevingar og kjensler<br>-Leseaktivitetar, samtale- og biletbøker (Lesefrø)<br>- Dialogisk lesing, barnet som aktiv medlesar<br>-Utnytte fyrstehandsopplevingar i språklæringa<br>-Bruk konkretar og andre visuelle hjelpemiddel<br>- Trene opp evna til å lytte<br>- Oppøve evna til å oppfatte innhald i tekst og danne indre bilete<br>-Utnytte daglegsamtala knytt til rutinesituasjonar<br>-Leggje til rette for gode språk- og leseopplevingar<br>-Utnytte leiken som arena for språklæring<br>-Song, rim og regler | TRAS<br><br>MIO<br><br>Språk 4 (Helsestasjonen)<br><br>Danseskjemaet | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage<br><br>Bevisstgjering av foreldrerolla<br><br>Verdien av å snakke morsmål heime<br><br>Språk som tema: i dagleg kontakt, foreldresamtaler og på foreldremøte | Helsestasjon<br><br>Bibliotek<br><br>PPT<br><br>Fysioterapeut<br><br>Logoped<br><br>Spesialpedagog | Språkpermane: praksispermen og teoripermen<br><br>Foreldreråd i språkpermen<br><br>Snakkepakken<br><br>LESEFRØ<br><br>TRAS-handboka<br><br>*Barnas barnehage 2- Barn i utvikling*. Øyvind Kvello<br><br>Danseskjemaet |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| **Skrift-språklege aktivitetar**<br><br><br><br><br><br>**Kommuni-kative ferdigheiter** | - Stiller korleis- og kvifor-spørsmål<br>- Nokre barn eksperimenterer med skriftspråket<br><br>-Brukar aktivt og forstår kroppsspråk og forstår<br>-Tek initiativ i samtaler, stiller spørsmål og ber om oppklaringar | -Språkleikar<br>- Legg til rette for skriftspråklege aktivitetar<br>- Organisering av dagen: lage gode rammer rundt daglegsituasjonar, fast struktur kvar dag, forutsigbart, små grupper.<br>- Førebu barna på nye opplevingar, og bearbeide i etterkant av aktiviteten.<br>- Delta i og hjelp til med å fornye barnas leik<br>- Praktisere anerkjennande kommunikasjon | | | | |
| **SOSIAL/ EMO-SJONELL UTVIKLING**<br><br>**LEIK** | Har utvikla evna til å trøyste seg sjølv når dei er lei seg.<br><br>Samvetet byrjar å utvikle seg- barnet tenkjer over risiko og handling: «eg vil ta den, men foreldra mine kan finne det ut»<br>-Samarbeider med andre barn<br>-Har ein viss sjølvkontroll og viser kjensler utan at det går ut over andre.<br>-Viser akseptable kjensleuttrykk i høve til sinne, frustrasjon og engstelse.<br>-Tar kontakt med andre på ein positiv måte. | **Vaksenrolla:**<br><br>"Forutsigbarheit"<br><br>Faste rutinar og rammer<br><br>Vaksne som speglar og bekrefter barnets kjensler<br><br>Støtte i konfliktsituasjonar<br><br>Støtte i relasjonsbyggjing | KALA Kartlegging av LeikAtferd Kartleggings-verktøy for 2,5 - 6-7 år<br><br>**"Alle Med"** | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage.<br><br>Sjå vaksenrolla | Spesialpedagog for førskulebarn<br><br>Helsestasjonen<br><br>PPT<br><br>BUP<br><br>Habiliterings-tenesta | **Sikkerhets-sirkelen, COS (verktøy basert på tilknytnings-teori og forsking)**<br><br>ART Sosiale ferdigheter i barnehagen |

| | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | -Deltek i regelleikar som sisten og gøymsel.<br>-Taklar overgangar frå ein aktivitet til ein annan.<br>-Innrettar seg etter barnehagens ordensrutinar | | | | | |
| **SANSING OG MOTORIKK** | Utviklar sjølvtillit i fysiske oppgåver, men kan feilvurdere evner.<br>Auge-hand koordinering blir meir innøvd og meir detaljert.<br>-Uthald i grovmotoriske aktivitetar.<br>-Kastar og tar imot stor ball.<br>-Hoppar langt (60-75 cm)<br>-Kan hoppe framover på eit bein.<br>-Står på eit bein i 8-10 sek. med augo att.<br>-Klipper etter strek<br>-Har kunnskap om eigen kropp, namn på kroppsdelar<br>-Er sjølvstendig i av og på-kledning. | **Vaksenrolla**<br><br>Leggje til rette for aktivitet som aukar spenning og utfordring, men også leggje til rette for ro og avspenning.<br><br>Leggje til rette for allsidig motorisk leik og aktivitet<br><br>Sansemotoriske aktivitetar<br><br>Auditiv stimulering<br><br>Skilje mellom å lytte og å høyre<br><br>Bruke ulendt terreng/gå på tur | | Tett samarbeid mellom foreldre og barnehage | Fysioterapeut<br><br>Helsestasjon<br><br>Spesialpedagog<br><br>Optikar/ augelege | Sanse-motorisk trenings-program, Språk-permen/ Praksis-permen<br><br>Britta Holle<br><br>Skritt for skritt, Ellen Moen m.fl.<br><br>Barns rett til utvikling, Ylva Ellneby |

# Oversikt over litteratur, verktøy, og materiell

| Utviklingsområde | Verktøy, materiell | Litteratur |
|---|---|---|
| **Språk** | Språkpermane med plan for språkstimulering Teori- og praksis | *Barnas barnehage 2: Barn i utvikling.* Øyvind Kvello |
| | Danseskjemaet m. veileder og aktivitetshefte | *Å by barnet opp til dans. Veileder og aktivitetshefte* |
| | TRAS - registreringsskjemaet | TRAS -håndboka |
| | Oversikt over kartleggingsverktøy for førskulebarn i Seljord kommune | Språk i barnehagen. Mykje meir enn berre prat. Rettleiar. Udir |
| | Lesefrø | *Språkstimulering. Tale og skrift i førskolealderen*. Bente Eriksen Hagtvet. Cappelen Akademiske forlag. |
| | Snakkepakken | *Barns språkutvikling. Muntlig og skriftlig.* Anne Høigård. Universitetsforlaget. |
| | http://www.udir.no/Barnehage/Stotteressurser/Sprak/ | |
| | | |
| **Sosial/emosjonell utvikling** | *Alle med* - veiledningshefte | *Å by barnet opp til dans. Veileder og aktivitetshefte* |
| | Sikkerhetssirkelen, COS | *Leik og leik, fru Blom.* Statped dkriftserie nr. 3 |
| | Danseskjemaet m. veileder og aktivitetshefte | *Det é no berre leik.* Statped skriftserie nr. 61 |
| **Leik** | *Kala.* Kartlegging av leikeatferd | *Du og jeg og vi to.* Kari Lamer |
| | | *Samtalebilder.* Merete Holmsen |
| | | *ART - Sosiale ferdigheter i barnehagen* |
| | | *Steg for steg*. For barnehage |
| | | *Barnas barnehage 2*. Øyvind Kvello (red.)Gyldendal |
| | | *Tidlig hjelp til bedre samspill.* Henning Rye. Gyldendal |
| | | *De utrolige årene. En foreldreveileder.* C.Webster-Stratton. Gyldendal Akademiske |
| | Ungsinn. http://www.ungsinn.no/ Nettstad om tiltak for barn og unges psykiske helse | |
| **Sansing og motorikk** | Sansemotoriske øvingar – Praksispermen (Språk) | Litteratur og kartleggingsverktøy - Britta Holle |
| | Danseskjemaet m. veileder og aktivitetshefte | *Barns rett til utvikling.* Ylva Ellneby |
| | | *Skritt for skritt*. Ellen Moen m.fl |
| | | *Barnas barnehage 2*. Øyvind Kvello (red.)Gyldendal |

| | | |
|---|---|---|
| | | |
| **Spesialpedagogisk hjelp**<br>**Spesialundervisning**<br>**Tidleg innsats** | | Prinsipper og prosedyrer for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning – Telemark fylke |
| | | Spesialundervisning. Veileder til opplæringsloven om spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning. Udir |
| | Spesialpedagogisk hjelp. Tidleg innsats. http://www.udir.no/Regelverk/tidlig-innsats/. | Temahefte om barn med nedsatt funksjonsevne i barnehagen. Kunnskapsdepartementet |
| | | |